



Foto: Thomas de Lange/Wenck


## Status og råd

Polartorskbestanden i Barentshavet vart hausten 2016 målt til rundt rekna 939 000 tonn. Dette er ein kraftig auke frå 2015, og det høgaste nivået som er målt sidan 2010. Nesten 85 % av den målte totalbiomassen er det 1-åringar som står for, og dette var overraskande sidan det ikkje blei fanga opp i 0-gruppemålingar av polartorsk frå 2015.

Polartorsk har ikkje vore fiska på frå norsk side sidan byrjinga av 1980-åra, og ikkje i nemnande grad sidan byrjinga av 1970-åra. Ei akustisk mengdeberegning under økosystemtoktet i Barentshavet om hausten er den einaste undersøkinga Havforskningsinstituttet gjer av polartorsk. Kvote vert sett etter rådgjeving utarbeidd av PINRO i Murmansk, men Russland har i seinare tid berre hatt ein liten forskingsfangst, og dei tre siste åra ingen fangst i det heile. Det er uvisst om mengdeberegninga gjev eit godt bilete av bestandsstorleiken. Bestanden si geografiske avgrensing er lite kjent, og det er polartorsk lenger mot nord og aust enn det området som vert dekt under toktet. Dessutan er ofte store delar av bestanden konsentrert på eit lite område aust i Barentshavet. Om ikkje dette området vert dekt grundig, kan det gje opphav til store målefeil. Det var truleg noko slikt som skjedde i 2003 då bestanden vart målt til berre ein fjerdedel av storleiken året før og etter.

## Fiskeri

Polartorsken vert fiska seinhaustes medan han er konsentrert under gytevandringa sørover langs kysten av Novaja Semlja. Totalfangsten på byrjinga av 1970-talet kom opp i 350 000 tonn, og den norske delen var då 15 000–20 000 tonn.



Bestand og fangst av polartorsk.  
Stock size and catches of polar cod.

**Polartorsk** – *Boreogadus saida* – Polar cod

**Familie:** Gadidae (torskfamilien)

**Maks storleik:** 25 cm og 100 gram

**Levetid:** Sjeldan meir enn 5 år

**Leveområde:** Polare strøk

**Hovudgyteområde:** Søraust i Barentshavet og aust av Svalbard

**Gytetidspunkt:** Desember–mars

**Føde:** Plankton

**Særtrekk:** Har "frostvæske" i kroppen

**Nøkkelta:**

KVOTE 2017: 0

FANGST 2016: 0

NORSK FANGSTVERDI 2016: 0



## Fakta om bestanden:

Polartorsken finst truleg i store delar av Polhavet, i Barentshavet, ved Grønland og ved Canada. I Barentshavet har han mest tilhald ved Svalbard og i dei nordlege og austlege delane av havet. Om vinteren kan han òg treffast nærare norskekysten, og det synest å vera ein eigen liten bestand i Porsangerfjorden.

Polartorsken er ein pelagisk eller semipelagisk fisk, dvs. at han lever i dei frie vassmassane, men er oftast fordelt ned mot botnen, gjerne i svært tette konsentrasjonar. Han livnærer seg av planktonorganismar, men har ikkje gjellegitter slik t.d. sildefiskar har, så større plankton utgjer mesteparten av føda. Polartorsken er sjølv viktig føde for andre fiskeetarar som torsk, sel, kval og sjøfugl, og utgjer saman med lodda ei viktig brikke i økosystemet i Barentshavet. Som namnet seier er polartorsken ein kaldvassart, som trivst best nord for polarfronten. Han har "frostvæske" i kroppen og kan difor tola havvatn med temperaturar ned mot frysepunktet rundt  $\pm 1,8$  °C. Gytinga føregår om vinteren under isen, først og fremst i den søraustlege delen av Barentshavet, men truleg òg aust av Svalbard. Det tek lang tid før dei frittflytande eggja klekkjer, men ut på sommaren og hausten er larvane spreidde over heile den austlege og nordlege delen av havet i tillegg til områda rundt Svalbard. Den kjønnsmodne delen av bestanden beitast nord og aust for polarfronten. Bestanden samlar seg i oktober–november og vandrar sørover langs vestkysten av Novaja Semlja til dei viktigaste gytefelta i søraust.